

# Årsmøte 2026

Dato 27.05.2026

Saksdokument årsmøte 2026

**Stad: Rubbhallen. Rubbestadneset**

**Dato: Onsdag 27.05.2026, kl. 18:00**

**Registrering av stemmer frå kl. 17:00 - 17:50. Oppmøte etter kl. 17:50 gir ikkje stemmerett på årsmøtet.**

## SAKLISTE

SAK 1.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	2
SAK 2.	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ ÅRSMØTE 21. MAI 2025 .....	2
SAK 3.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOK OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR .....	2
SAK 4.	GODKJENNE ÅRSMELDING FOR 2025 .....	2
SAK 5.	GODKJENNE RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2025 .....	2
SAK 6.	GJERA VEDTAK OM DISPONERING AV OVERSKOT .....	3
SAK 7.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND .....	13
SAK 8.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL REVISOR .....	13
SAK 9.	VELJA REVISOR .....	13
SAK 10.	VELJA STYRE OG STYRELEIAR .....	13
SAK 11.	VELJA VALNEMND ETTER FORSLAG FRÅ STYRET .....	16



## **Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Tilråding til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjend.

## **Sak 2. Godkjenning av møtebok frå årsmøte 21. mai 2025**

### **Tilråding til vedtak:**

Møteboka for årsmøte 21. mai 2025 vert godkjend.

## **Sak 3. Val av to personar til å skriva under møtebok og val av to valobservatørar**

## **Sak 4. Godkjenne årsmelding for 2025**

### **Tilråding til vedtak:**

Framlagd årsmelding for 2025 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag SA.

## **Sak 5. Godkjenne resultatrekneskap og balanse for 2025**

### **Tilråding til vedtak:**

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

## Sak 6. Gjera vedtak om disponering av overskot

### Styret sitt framlegg til resultatdisponering/tilråding til vedtak:

<b>Disponering av årsresultat</b>	<b>kr</b>	<b>69 086 021</b>
Gåver til allmennyttige føremål	kr	7 748 500
Avsett til nettutbyggingsfond	kr	5 000 000
Avsette til annen egenkapital	kr	30 337 521
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer <sup>1</sup>	kr	26 000 000
<b>SUM Disponeringar</b>	<b>kr</b>	<b>69 086 021</b>

<sup>1</sup> Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2025

#### Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styre	kr	2 000 000
Gåve Sentralidrettsanlegget/Bremnes idrettslag, ombygging av grasbane	kr	2 731 800
Gåve Sentralidrettsanlegget/Bremnes idrettslag, rehabilitering kunstgrasbane med ledlys	kr	1 101 300
Gåve grendautvalet Svortland krins, Torget aktivitetspark	kr	751 300
Gåve Sentralidrettsanlegget/Bremnes idrettslag, rehabilitering friidrettsbane og hoppområde	kr	511 100
Gåve Langevåg Grendautval, Langevåg kanal og bru	kr	297 000
Gåve Gåslandsmarkjo grendalag, oppgradering av ballbinge	kr	202 400
Gåve Rubbestadneset idrettslag, oppgradering av lys i allbrukshall	kr	153 600
<b>Sum Gåver</b>	<b>kr</b>	<b>7 748 500</b>

### Følgjande premissar ligg til grunn for styret sine tilrådingar om allmennyttige gåver.

Finnås Kraftlag er eit allmennyttig samvirkeleg med skiftande medlemstal og kapital. Det at føretaket er eit allmennyttig selskap vil seia at det skal vera til gagn for allmenta. I vedtektene § 2 står det at føretaket kan yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

I "Lov om samvirkeføretak" § 34 Gåver står det:

(1) Årsmøtet kan vedta å gi høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmennyttige formål som er rimelege utifrå formålet med gåva, stillinga til føretaket og omstenda elles.

Retten til å gi gåver kan delegerast til styret eller eit anna organ.

(2) Styret kan til same formål gi gåver som har lite å seie i forhold til stillinga til føretaket.

Øvste grensa for utdeling av midlar er totalt 8 millionar. Det er naturleg at ein vurderer storleiken på gåver ut frå overskotet i verksemda og tidlegare gåveutbetalingar. Ein kan tolerere større gåvebeløp enkelte år der større prosjekt er planlagt utført. Gåva/forskoteringa skal vera allmennyttig. For at gåver til utbyggings-/rehabiliteringsprosjekt skal handsamast av årsmøte, bør utbyggingskostnaden på prosjektet vera minst kr.500.000. For spesielle prosjekt som styret vurderer som årsmøtesak, kan totalkostnaden med prosjektet vera lågare.

Med allmennyttig føremål meiner ein:

- Idretts- og kulturbygg/anlegg.
- Forsamlingshus/Lagshus

Årsmøte kan kvart år setja av inntil kr. 2.000.000 til fond for allmennyttige føremål (eldre, ungdom, m.v.), som styret disponerer.

Søknadane om gåver må gjerast på utarbeidd skjema. Skjema er bygd opp på same måte som søknad om tippemidlar.

**For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande;**

**Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:**

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner
- senda inn ei skriftleg eigenerklæring som stadfester:
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

**Utbetaling skjer slik:**

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

**Atterhald:**

1. **Endring omfang:**  
Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarende forholdsmessig.
2. **Endring faktisk kostnad:**  
Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig.

## Søknadar årsmøte 2026 – tilråding frå styret

### 1. Sentralidrettsanlegget/Bremnes Idrettslag – ombygging av grasbane til kunstgras, inkl. lys- og vatningsanlegg

#### Ombygging av grasbane til kunstgras, inkl. lys- og vatningsanlegg

- Dagens grasbane opprinneleg frå 1960, men vedlikehalden ved å jamnleg tilføre sand
- Bana toler ikkje utstrekkt bruk, berre dei eldste laga får spele kamp på bana.
- Det er ikkje lysanlegg og vatningsanlegg i dag.

#### Søknad i hovudtrekk:

- Totaloppgradering med kunststoffdekke med pad (støtdempande underlag), lysanlegg og vatningsanlegg
- Aukar kapasiteten både til trening og kamp
- Treng ikkje bygge ny bane i tillegg til dagens banar.
- Økologisk innfyll

#### Styrevedtak/innstilling:

**Styret føreslår for årsmøtet at Sentralidrettsanlegget/Bremnes Idrettslag vert tildelt ei årsmøtegåve på kr 2 731 800,- til ombygging av grasbane til kunstgras, inkl. lys- og vatningsanlegg**

#### Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner
- senda inn ei skriftleg eigenerklæring som stadfester:
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

#### Utbetaling skjer slik:

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

#### Atterhald:

##### 1. Endring omfang:

Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarande forholdsmessig.

##### 2. Endring faktisk kostnad:

Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig

## 2. Sentralidrettsanlegget/Bremnes Idrettslag – rehabilitering av toppdekke og ny pad på eksisterande kunstgrasbane

### Rehabilitering av toppdekke og ny pad

- Dagens toppdekke er frå 2012.
- Pad er frå 2002.
- Hovudbane for all trening og kamparena for dei fleste laga.
- Bana er slitt og tilstandsrapport seier at den er overmoden for utskifting

### Søknad i hovudtrekk:

- Skifte toppdekke og pad
- Fjerne dagens dekke
- Med erstatta grasbane kan ein fordele dagens aktivitet på to banar og redusere slitasjen på den eine bana.
- Slepp å transportere ungar til andre lokasjonar for å trene.

Inkluderer kostnad med skifte til LED-lys sett i drift i 2025.

### Styrevedtak/innstilling:

**Styret foreslår for årsmøtet at Sentralidrettsanlegget/Bremnes Idrettslag vert tildelt ei årsmøtegåve på kr 1 101 300,- til rehabilitering av toppdekke og ny pad.**

### Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner
- senda inn ei skriftleg eigenerklæring som stadfester:
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

### Utbetaling skjer slik:

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

### Atterhald:

#### 1. Endring omfang:

Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarande forholdsmessig.

#### 2. Endring faktisk kostnad:

Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig

## 3. Grendautvalet for Svortland krins – Torget aktivitetspark

### Torget aktivitetspark – kort oppsummert

- Svortland sentrum manglar opne, gratis møteplassar.
- Leikeplassar ligg utanfor sentrum og er lite tilgjengelege.
- Levekårsutfordringar gjer behovet for inkluderande uterom større.
- Brei medverknad viser ønskje om grønt torg, sitjeplassar, aktivitet og trygg belysning.
- Konseptskisse føreslår soner for leik, aktivitet og opphald.

#### Innhald i parken:

- leikeplass
- aktivitets- og treningspark
- enkel sykkelbane
- scene og trappeamfi
- grøntareal og belysning
- sitjeplassar og kunstnarleg utsmykking
- Universelt utforma og gratis for alle.
- Skal styrke trivsel, inkludering og liv i kommunesenteret.

### Styrevedtak/innstilling:

**Styret føreslår for årsmøtet at Grendautvalet for Svortland Krins vert tildelt ei årsmøtegåve på kr. 751 300,- til Torget aktivitetspark**

#### Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner
- senda inn ei skriftleg egenerklæring som stadfester
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

#### Utbetaling skjer slik:

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

#### Atterhald:

#### 3. Endring omfang:

Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarende forholdsmessig.

#### 4. Endring faktisk kostnad:

Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig

## 4. Sentralidrettsanlegget/Bremnes Idrettslag – rehabilitering friidrettsdekke og hoppområde

### Rehabilitering friidrettsdekke

- Dagens anlegg er frå 2005 med stort behov for oppgradering.
- Allereie i 2015 sa friidrettsforbundet at det var behov for rehabilitering (synfaring).
- Løpebana treng toppsprøyting så snart som råd (er spylt og rehabilitert)

### Søknad i hovudtrekk:

- Flytte hoppegroper
- Oppgradera kunststoffdekke
- Respraye dekke og linjer
- Skal skje samtidig med oppgradering av fotballbane

### Styrevedtak/innstilling:

**Styret foreslår for årsmøtet at Sentralidrettsanlegget/Bremnes Idrettslag vert tildelt ei årsmøtegåve på kr 511 100,- til rehabilitering av friidrettsdekke og hoppområde.**

### Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner
- senda inn ei skriftleg eigenerklæring som stadfester
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

### Utbetaling skjer slik:

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

### Atterhald:

#### 2. Endring omfang:

Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarande forholdsmessig.

#### 2. Endring faktisk kostnad:

Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig

## 5. Langevåg Grendautval – Langevåg kanal og bru

### Langevåg kanal og bru – kort oppsummert

- Langevåg Grendautval søker støtte frå Finnås Kraftlag til realisering av kanal- og bruprojektet.
- Tiltaket skal styrkje trygg ferdsel, tilgjenge til sjø og natur, og legge til rette for aktivitet og fellesskap.
- Prosjektet byggjer på Langevåg si sterke tilknytning til sjøen og ønskje om eit trygt og inkluderande nærrområde.

### Kvifor prosjektet er viktig:

- To tidlegare gåver har kickstarta arbeidet, som seinare er vidareutvikla til eit større og meir samanhengande tiltak.
- Erfaring frå lysløypa viser at ny infrastruktur gir auka bruk, nye møteplassar og sterkare nærmiljø.
- Kanalen og brua skal binde saman sentrum, Vorlandsvågen/Vevika og Rundøya.

### Dette omfattar prosjektet:

- bygging av kanal og bru som ein trygg og naturbasert ferdselsveg
- oppgradering og samankopling av eksisterande stiar
- nye traséar, rydding, forbetring, merking og skilting
- enkle møteplassar, sitjeplassar, utsiktspunkt og kart
- grunnlag for lågterskel friluftsliv, kajakk, småbåt og aktivitet for lag og foreiningar

### Organisering og gjennomføring:

- prosjektet nyttar camp-metoden med samskaping mellom innbyggjarar, frivillige, kommune og fagmiljø
- godkjent av Statsforvaltaren og Bømlo kommune – klart for gjennomføring
- lokal entreprenør bidreg med maskiner, arbeid og dugnad; brua planlagt bygd på dugnad

### Status:

- 1 028 500 kroner er allereie samla inn
- delar av midlane har tidsfristar → oppstart i 2026 er avgjerande
- planlagt oppstart for kanal: februar 2026

### Styrevedtak/innstilling:

**Styret foreslår for årsmøtet at Langevåg Grendautval vert tildelt ei årsmøtegåve på kr 297 000,- til Langevåg kanal og bru.**

### Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner

- senda inn ei skriftleg eigenerklæring som stadfester
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

#### Utbetaling skjer slik:

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

#### Atterhald:

##### 1. Endring omfang:

Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarande forholdsmessig.

##### 2. Endring faktisk kostnad:

Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig

## 6. Gåslandsmarkjo Grendalag – oppgradering ballbinge

#### Oppgradering av ballbingen i Laurhammer – kort oppsummert

- Ballbingen er ein viktig møteplass for barn og unge i Laurhammer.
- Anlegget er sterkt nedslite: ujamnt dekke, gammalt utstyr og dårleg grunnarbeid.
- Dagens tilstand gjer ballbingen utrygg og lite eigna utan full oppgradering.
- Området omfattar 350+ husstandar og 850+ innbyggjarar, der rundt 250 er under 18 år.
- Barnefamiljar flyttar inn → aukande behov for trygge og tilgjengelege møteplassar.

#### Prosjektet omfattar:

- fjerning av eksisterande dekke og deponering av avfall
- nytt, moderne og miljøvenleg dekke i tråd med gjeldande krav og mikroplastregelverk
- oppgradering av mål, basketballkurver, volleyballnett og skilting
- planlagt fase 2: tribune/gapahuk som sosial samlingsplass

#### Mål for prosjektet:

- skape eit trygt, inkluderande og opent nærmiljøanlegg
- tilby eit gratis lågterskeltilbod for leik, trening og uorganisert aktivitet
- bidra til meir fysisk aktivitet, mindre stillesitting og sterkare fellesskap

#### Styrevedtak/innstilling:

**Styret føreslår for årsmøtet at Gåslandsmarkjo Grendalag vert tildelt ei årsmøtegåve på kr. 202 400,- til oppgradering av ballbinge Laurhammar**

## Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner
- senda inn ei skriftleg eigenerklæring som stadfester
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

## Utbetaling skjer slik:

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

## Atterhald:

### 1. Endring omfang:

Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarande forholdsmessig.

### 2. Endring faktisk kostnad:

Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig

## 7. Rubbestadneset idrettslag, oppgradering av lys i allbrukshall

### Lys i allbrukshall Rubbestadneset – kort oppsummert

- Søknaden gjeld støtte til utskifting av eit utdatert og delvis defekt lysanlegg i allbrukshallen. Dagens belysning utgjer ei aukande tryggleiksutfordring og er i ferd med å bli uholdbart å vedlikehalde. Det er behov for ei oppgradering til moderne og energieffektive LED-lys, som vil gi betre lysforhold, redusere kostnader og auke driftstryggleiken.
- Tiltaket er kostnadsrekna til om lag 1,02 mill. kroner inkl. mva. Oppgraderinga er nødvendig for å sikre vidare bruk av hallen, betre utnytting og inntekter frå utleige, og vil kome heile lokalsamfunnet til gode.

### Styrevedtak/innstilling:

**Styret foreslår for årsmøtet at Rubbestadneset IL vert tildelt ei årsmøtegåve på kr 153 600 ,- til oppgradering av lys i allbrukshall.**

### Før beløpet kan utbetalast, må søkjaren:

- ha gjort formelt vedtak om bygging
- ha sett i gang den faktiske bygginga
- leggja fram ein bindande finansieringsplan med nødvendige tilsegner

- senda inn ei skriftleg eigenerklæring som stadfester
  - at alle vilkåra ovanfor er oppfylte
  - at ein planlegg å gjennomføra prosjektet i samsvar med innsend søknad

#### **Utbetaling skjer slik:**

- 75 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart.
- Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er slutført og godkjent anleggsrekneskap er lagt fram.

#### **Atterhald:**

##### **2. Endring omfang:**

Dersom omfanget av prosjektet vert vesentleg redusert, skal gåva reduserast tilsvarande forholdsmessig.

##### **3. Endring faktisk kostnad:**

Dersom dei faktiske kostnadene er under 90 % av estimat i søknad, kan gåva bli redusert forholdsmessig

## Sak 7. Fastsetja godtgjersle til styret og valnemnd

Av rekneskapen for 2025 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 535 109,-

### Tilråding til vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2025

## Sak 8. Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen for 2025 går det fram at det er betalt kr 152 423,- for lovpålagt revisjon i mor og kr 427 923,- for konsernet. Det er også betalt hhv kr 180 331,- i mor og kr. 357 731,- i konsernet for tilleggstenester frå revisor.

### Tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vert godkjent i samsvar med rekneskap for 2025.

## Sak 9. Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

### Tilråding til vedtak:

Deloitte vert vald til revisor.

## Sak 10. Velja styre og styreleiar

### Styremedlemmer på val:

- Vermund Hjelland
- Signe Lund Jansen
- Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm

### Styreleiar på val:

- Torleiv Fylkesnes

### Varamedlemmer på val:

1. Øystein Våge
2. Malin Ölander Rolfsnes
3. Aud Gunn Løklingholm

## Til årsmøte 2026

### Innstilling frå valnemnda i Finnås Kraftlag

Valnemnda har arbeidd etter instruks for valnemnda i Finnås Kraftlag SA, vedteken i styremøte 22/2-22.

Valnemnda har vore samansett slik:

- Selma Karin Vestvik
- Idar Larsen
- Oddgeir Alvsvåg (Leiar)
- Jannicke Gjerdevik
- Torhild Taraldsøy

I instruksjonen heiter det at Valnemnda skal koma med skriftleg framlegg til årsmøtet på kandidatar til vervet som styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Valnemnda skal leggja fram og grunngi sine framlegg.

I instruksjonen heter det vidare at *ved val av medlemmer til styret skal det leggast vekt på:*

- At styret får den kompetansen som er nødvendig i både morselskapet og dotterselskapa i konsernet.
- At medlemmane har gode samarbeidsevner.
- I samsvar med §69 nr. 3 i Samvirkelova og § nr. 6 i Vedtektene skal styret setjast saman slik at kvart kjønn skal vera representert med minst tre medlemmer.

#### *Utdanningsbakgrunn og erfaring:*

Styret er eit kollegium som skal vera ein ressurs for verksemda gjennom utøving av styret sine oppgåver.

#### *Særlege eigenskapar som kan vektleggjast ved val av medlemmar:*

- Styreleiar bør ha leiarerfaring, nettverk og godt omdømme for å gi verksemda eigentyngde.
- Medlemmer av styret bør ha og/eller vera villig til å tileigne seg den ulike kompetansen som styret har bruk for.
- Medlemmer bør også ha eigenskapar og/eller erfaring som vil styrka styrets totalkompetanse.
- Valnemnda er av den oppfatning at sitjande styret oppfyller alle dei fastsette kriteria. Vårt samla inntrykk er at dette er eit velfungerande styre med engasjerte medlemmer som har brei og relevant kompetanse og erfaring.
- Samtalar med leiar Tor Bjarne Smedsrud stadfestar dette, og han fortel om eit svært godt samarbeid med styret, der både styremedlemmer og varamedlemmer er aktive, engasjerte og bidrar positivt.

Valnemnda har også vurdert at det kan komma ei endring av styrets leiing til neste år, og ser viktighetene av stabilitet i styregruppa rundt ein slik prosess.

Valnemnda si innstilling er som følgjer :

## **Torleiv Fylkesnes – Innstilt som Styreleiar (1år)**

### **Styremedlemmer ( 2 år ) :**

**Vermund Hjelland – (på val)**. Hjelland kom inn som vara til styret i 2017 og blei valt inn som styremedlem i 2018. Han sit no som nestleiar i styret. Han har ingeniørbakgrunn og arbeid/interesse for energi, energieffektivitet og teknologiløysingar frå tidlegare arbeidsgivarar. Frå hausten -25 har han starta opp selskap med andre, lokalisert på Moster. Den tekniske bakgrunnen han har, saman med erfaring frå bedriftsleiing gjer Hjelland til ein god bidragsytar inn i styrearbeidet.

**Signe Lund Jansen – (på val)**. Jansen har vært valt vara til styret frå 2009 og styremedlem sidan 2011. Jansen er engasjert i ulike selskap i Eidesvik konsernet som dagleg leiar, samt ulike styreverv i same gruppering. Med Jansen sin økonomi- og leiar bakgrunn, har ho evne til å sjå ting i større samanheng og sjå heilskapen i ulike saker. Jansen bidrar positivt inn i styrearbeidet.

**Jorunn Folgerø-Holm - (på val)**. Folgerø-Holm har vært valt som vara sidan 2015 og blei valt inn i styre 2022. Folgerø-Holm har lang erfaring frå kommunal verksemd i forskjellige stillingar innan helse og omsorg. Ho har god erfaring innan utviklingsprosessar, planlegging og samfunnsutvikling. I dag jobbar hos som rådgivar i KS Konsulent AS. Folgerø-Holm viser eit stort engasjement for Bømlo-samfunnet, og hennar bidrag inn i styrearbeidet er utelukkande positivt.

### **Varamedlemmar blir valt for 1 år om gangen :**

**1. vara: Øystein Våge (på val)** – Våge er tilsett i Eidesvik AS, og har vore kaptein sidan 2012. Han har hatt ulike prosjektstillingar i rederiet som assisterande mannskapssjef, inspektør for nybygg og sist som flåtesjef for subsea- og vindserviceflåten. Våge er på fritida engasjert som styreleiar i Finnås Sportsklubb og økonomiansvarleg for Kanaldagane. Våge vil være eit godt bidrag inn i styret med sin kompetanse og sitt engasjement for dei lokale verdiar.

**2. vara: Malin Ölander Rolfsnes (på val)** - Ölander Rolfsnes har økonomibakgrunn, og arbeider no som leiar av Power Electronics Operations i Siemens Energy. Ho har styreerfaring frå fleire lokale lag, og sit i styret for Bømlo Næringsråd. Ölander Rolfsnes vil med si økonomiforståing, erfaring frå internasjonalt selskap, og eit engasjement for det lokale på Bømlo, bidra godt inn i styrearbeidet.

**3. vara: Aud Gunn Løklingholm (på val)** – Løklingholm er jurist. Ho var tilsett i Bømlo Kommune som organisasjonssjef, assisterande og konstituert rådmann og har vært administrasjonssjef i Helse Fonna. Jobbar nå som kommunedirektør i Tysnes Kommune. Løklingholm kjenner Bømlo godt etter si tid som tilsett i kommunen. Løklingholm med sin erfaring og kompetanse vil tilføre styret viktig kompetanse.

**Hollundsdaalen 12.04.26**

---

**Oddgeir Alvsvåg**

**Leiar valnemnda**

## Sak 11. Velja valnemnd etter forslag frå styret

Iflg. vedtektene § 8.2 , styret sine gjeremål, går det fram at styret skal fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

### Utdrag frå § 9, valnemnd:

*Føretaket skal ha ei valnemnd med fem medlemar.*

*Medlemane i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Årsmøtet vel leiar.*

Valnemnda har vore samansett slik:

Oddgeir Alvsvåg (Leiar)	ikkje på val i 2026
Jannicke Gjerdevik	ikkje på val i 2026
Idar Larsen	på val i 2026
Selma Karin Vestvik	på val i 2026
Torhild Taraldsøy	på val i 2026

Leiar har vore Oddgeir Alvsvåg. Leiar vert vald for eit år om gongen og denne rolla er difor på val kvart år.

### Styret si innstilling til årsmøte:

Styret føreslår for årsmøtet følgjande medlemmer i valnemnda:

Idar Larsen, attval for 2 år.  
Torhild Taraldsøy , attval for 2 år  
Kristin Lønning Vold, ny, vald for 2 år

Oddgeir Alvsvåg, attval som leiar for 1 år.